

Har du møblar som du ikkje treng?

23.07.2009

**Leiinga for Festidalen har ei oppmoding som er noko spesiell: Kom til oss med møblar og anna som du ikkje treng!  
Det er stuttare veg til oss enn til SIM!**

Kvart år er Festidalen oppteke av å laga ein flott backstage (bakscene) for artistane og i tillegg koselege sitjegrupper for publikum.

Difor ønskjer festivalleiinga sofa, bord, godstolar, speglar, tepper, laken, lampar, regnklede og støvlar.

Alt kan leverast på festivaljordet laurdag 25. juli mellom klokka 12 og 15.

Tinga treng slett ikkje å vera toppmoderne, det kan gjerne vera bestemors gamle sofa eller vetlebrors utdaterte lampe. Men alt må vera heilt og reint!